

Frå
HORDALAND UNGDOMSLAG.

Til einskildlagi.

Årsmeldingane.

Me sender med dette ut 3 årsmeldingsskjema til kvart lag. Lagi fyller ut alle tre - dei two sender ein attende til Hordaland ungdomslag, og det tredje legg ein i laget sitt arkiv.

Alle lag må senda årsmelding i år, og me bed um at dei vert utfyllt so nøgje som råd er.

Årsmeldingane sender ein innan 12. februar 1940 til Thor Myklebust, Uskedalen.

Årspengane

til fylkeslaget vil me minna um no. Lagi betalar 50 øre for kvart medlem. Årsmøtet vårt vert tidlegt dette året - palmesundag kjem i midten av mars - og det er difor mykje um å gjera at årspengane vert innsende no straks, so alt kjem med i rekneskapen.

Alle lag må gjera sin skyldnad ved å senda årsmelding og års- pengar.

Årspengane skal sendast til kassestyraren, Einar Loftås, Valestrandsfossen.

Filmen "Vingar kring fyren".

Hordaland ungdomslag har leigt eineretten til den gode norske filmen "Vingar kring fyren", som har Alfred Maurstad i hovedrolla, for Hordaland.

Me har fått Trygve Reigstad, som har ei ny og moderne ljudfilm-maskina, til å reisa med filmen, og han kjem til å vitja alle lag som har elektrisk kraft i husi sine, og alle som kan skaffa anna hus som har elektrisk kraft. Han tek til å reisa i slutten av januar.

Me vonar og ventar at ungdomslagi vil halda fritt hus til denne filmen. Noko anna kostar det ikkje før lagi. Upphald og reis greider me sjølv med.

Som nemnt so tek Reigstad til i slutten av januar, og me torer beda um at ungdomslagi ikkje leiger burt husi sine til andre filmturnear i den tidi han reiser i lagi våre.

So sender styret for Hordaland ungdomslag sine beste nyttårs-yngskje til lagi! Me vonar at det vert eit godt arbeidsår både for einskildlagi og for samskipnaden. Og at det gode samarbeidet må halda fram.

Uskedalen, 30. desbr. 1939.

Beste helsing
for styret
Thor Myklebust.